
Fra: Siri Klokkestuen <Siri.Klokkestuen@etne.kommune.no>
Sendt: 18. februar 2016 18:44
Til: Postmottak NFD
Emne: høyringsvar: forslag til innretning på havbruksfondet.

Til Nærings- og fiskeridepartementet
postmottak@nfd.dep.no

Høyringsvar frå Etne kommune:

Syner til høyring: forslag til innretning på havbruksfondet.

Etter det vi kan sjå av høyringsframlegget er det berre MTB for matfiskproduksjon som er lagt inn i grunnlaget for fordeling av midlar frå fondet.

Høyringsinnspel: Etne kommune meiner at MTB for stamfisklokalitetar skal reknast inn i grunnlaget for fordeling av midlar frå fondet.

Likelydande innspel inngår i fråsegna til Samarbeidsrådet for Sunnhordland frå deira møte om saka 10.2.2016.

Vår grunngjeving for innspelet: Vi meiner matfisk- og stamfiskproduksjon er to sider av same sak. Matfiskproduksjon er heilt avhengig av utviklinga av stamfisk; god stamfisk gir auka matfiskproduksjon; gode genar avlar den beste veksten, gir den mest sjukdomsresistente fisken osb. På stamfiskanlegg avlar ein fram dei beste individa for produksjon av settefisk. I praksis går mykje av fisken i stamfiskanlegga direkte til matproduksjon. Det er berre ein del av individa som blir plukka ut til avl. Tal for slaktemengd blir rapportert inn til styresmaktene.

Stamfiskanlegga ligg ofte på plassar som elles kunne vore brukt til matfiskproduksjon, så det blir då etter vårt syn feil å "straffe" dei kommunane som har stamfiskanlegg. Anlegga ligg mange plassar litt inni fjordsystema, sidan ein av driftsmessige orsakar ønskjer litt lunare farvatn enn t.d. ute ved kysten. Ein del kystkommunar har derfor få eller ingen stamfiskanlegg. For vår del er Åkrafjorden (som er delt mellom Kvinnherad og Etne kommunar) no utpeika som eigen stamfiskfjord, der det ikkje er høve til matfiskanlegg i det heile; dette m.a. av omsyn til sjukdomsførebygging. På fleire av stamfisklokalitetane i Åkrafjorden har der tidlegare vore matfiskproduksjon.

Sjølv om stamfiskanlegg er mindre enn matfiskanlegga, beslaglegg også dei store sjøareal og set fotavtrykk i høve til miljø og andre interesser, noko vi meiner det bør kompenseras for. Vi trur dei samla produksjonstala for stamfisk utgjer ein liten del i forhold til matfisk, slik at ei justering i regleverket på dette punktet ikkje medfører at saka må ut på ny høyring.

Etne kommune har i dag to matfiskanlegg, pluss eit FOU-anlegg med tette kar for presmolt, og eit landbasert settefiskanlegg under bygging. Dei to sistnemnte anlegga inngår heller ikkje i grunnlaget for havbruksfondet. Pr. i dag har Etne kommune eitt stamfiskanlegg i Åkrafjorden, men det er nyleg gitt løyve til eit til. Når dette er etablert vil vi ha 6.540 tonn MTB for matfisk og 2.470 for stamfisk i kommunen, dvs. stamfisken utgjer ein viktig del av vår produksjon.

Delar av vår grunngeving blei lese opp i møtet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 10.2.2016, då dei vedtok si fråsegn, inkl. punktet om stamfisk. Sunnhordland representerar eit av dei viktigaste distrikta for fiskeoppdrett i landet.

Vi håper De vil ta omsyn til vårt innspel. På førehand takk.

Etne, 18.2.2016

Med venleg helsing

Siri Klokkerstuen

Ordfører

Direkte: 53 75 80 05

Mobil: 90 88 06 59

E-post: siri.klokkerstuen@etne.kommune.no



ETNE KOMMUNE • Postboks 54, 5591 Etne
Tlf. 53 75 80 00 • Faks: 53 75 80 01

firmapost@etne.kommune.no
www.etne.kommune.no

trygg • raus • engasjert

